



FOTBALLGRUPPA I SYRIL

ÅRSMELDING 2023



Innhald

Innhold

Organisasjon 2023	3
2. Aktivitet	5
Generelt	5
3. Seriespel - påmelde lag sesongen 2023	6
Kretslag/sonelag	6
Sportslege tiltak i eigen klubb	6
Kurs/møter med eksterne	7
Trenarar og lagleiarar	7
Trenarar	8
Dugnader	8
Informasjon	8
Anlegg	8
Utstyr	9
Dommarar	9
Sponsorar	10
Heidersteikn	10
Oppsummering av året og vidare framover	10
3. Rekneskap 2023	11
4. Budsjett 2024	13
5. Årsmelding frå laga	13
Miniputt	13

Organisasjon 2023

Styret i fotballgruppa		Andre verv	
Leiar	Birte Andersen Røysum/Erlend Husabø (frå 21.august)	Materialforvaltar	Elin Falkgjerdet
Nestleiar	Erlend Husabø	Dommarkontakt	Christian Kleiven
Sportsleg leiar	Steinar Røysum	Dommarginer	Jarle Andersen
Arrangement	Anja Hamre		Christian Kleiven
Aldersbestemt	Reimund Breisnes Loven		
Senior	Andreas Thue	Sportsleg utval	Steinar Røysum
Miniputt	Sturle Rode Rio		Reimund B.Loven
Økonomi	Tatjana Grbic		Siri Beate England
			Kristian Berg
Valnemnd	Runa Aaland Eggum		Linda Fossberg
	Kristian Berg		
	Cecilie Høgheim	Miniputtgruppe	Sturle Rode Rio
Andre verv			Kim Vidar Bakken
Kioskgruppe			Anna Hamre
		Anleggsansvarleg	Kjartan Johan Hove
Nettside	Birte Andersen Røysum	Anleggsgruppe	Jon Edvin Jørgensen Nils Olav Nygård

Styret og valnemnda er valde av årsmøte. Leiar er medlem i Syril hovudstyret. Nestleiar er vara.

Styret i Syril Fotball har hatt 11 styremøte, og handsama tradisjonelle styresaker. Styremedlemmane med fleire har delteke på diverse møter med kretsen, dei fleste på Teams. I tillegg har me delteke på kretsting, sonemøter, jentefotballsamling og andre tiltak i regi av krets.

Organisasjonen har fungert godt. Ca. 100 personar deltek i drift av fotballgruppa i form av ulike verv som mellom anna trenarar, lagleiarar, styreverv, speaker, anleggsansvarleg, materialforvaltar, dommarar med meir. I tillegg kjem foreldre og andre som stiller opp på dugnader i løpet av sesongen. Alle desse fortener stor takk og applaus for innsatsen dei gjer for barn og unge på Leikanger!


Fotballgruppa har mange nye frivillige kvart år. God struktur gjer det enklare å vere frivillig, gir grunnlag for god drift med god og sunn fotballaktivitet.

Det har vore mange lyspunkt i sesongen 2023. Me gjennomførte TINE fotballskule med over 100 deltakarar. Innsatsen vart belønna med årets Tine Fotballskule i Norge! Det var stor stas å bli peika ut som landets beste fotballskule. Det er ei stor anerkjenning til heile klubben, og særleg til dei frivillige som legg ned stor innsats for å gjennomføre fotballskulen.

Vidare har me og vorte plukka ut som deltakarklubb i prosjektet «Jenter vil meir» i regi av Sparebanken Vest. Dette er eit flott tiltak som gir oss høve til å få til meir fokus på rekruttering og bevaring på jentesida, der ein ser større og større fråfall. Dette arbeidet har gitt oss både høve til fysiske samlingar, treningar og inspirasjon.

Som nemnt gjer svært mange ein fantastisk innsats for Syril fotball, men me ønskjer å trekke fram to namn. Siri Andresen er ein fantastisk ressurs for Syril fotball og heile fotballen i indre sogn. Ho stiller opp som supporter, speaker, journalist etc. Ho er uvurderleg for oss. Ho fekk fortent hyllest på fotballfesten i år. Ein anna er veteranen Nils Henjum. Elvelyen har vore på bana i alle år, og har også i år vore kyndig speaker på Syril stadion. Slike ressursar lyt me ta vare på og setja pris på – Tusen takk!

Organisasjonskart 2023 – styret med undergrupper:



2. Aktivitet

Generelt

Det har vore stor aktivitet i gruppa. Me har stor deltaking i mange årskull, og me har god rekruttering til nye miniputtar kvart år. Syril stadion er ein svært viktig møteplass i bygda. Kvar veke er det stor aktivitet alle ettermiddagar og kveldar med treningar og kamp. Også for foreldre, tilskodarar og andre er stadion ein triveleg sosial møteplass.

Arrangement:

- Kongleriketturnering for miniputt i august
- Tine fotballskule for 8-12 åringane i august med 102 deltakarar

Kiosken er open på alle kampar og gir eit viktig økonomisk bidrag til drift av gruppa. Arrangementsansvarleg (i mangel på kioskansvarleg) og foreldre har sørga for god drift.

Det er ca. 240 aktive spelarar og i underkant av 500 personar er registrert som tilhøyrande fotballgruppa i medlemsregisteret i Syril.

I årsmeldingane til dei einsskilde laga som ligg etter styret si årsmelding er det meir om laga sin aktivitet gjennom året.

Det har vore mange gode prestasjonar i året som har gått, og alle spelarar og lag har representert Syril på ein framifrå måte! Skal me dra fram nokre særskilte prestasjonar lyt me nemna J13/14-laget som vann Norway cup!

Av prestasjonar lyt me og gratulere Vilde Tufte Mardal med landslagsuttak på J14 landslaget. Det er ein enorm prestasjon og er eit resultat av målretta trening, utviklingsfokus og glede. Me er utruleg stolte over Vilde som er ein fantastisk ambassadør for Syril. Me er stolte av å senda Vilde vidare til Sogndal FK og me gledar oss til å følgja ho i åra framover.

3. Seriespel - påmelde lag sesongen 2023

1 senior dame 11'ar/7ar på haust	1 seniorlag herre 5. divisjon
	1 G 15/17 11ar
1 j13/14 9'ar	1 G13/14 11'ar og 9'ar
1 J11 7'ar 1 J10 7'ar 2 J9 5'ar	1 G12 9'ar (to lag vår) 2 G11 7'ar 1 G10 7'ar 2 G9 5'ar
Sum:	Sum:
Miniputt (ca 100 spelarar)	

Kretslag/sonelag

Det har vore eit godt år for sone og krets. Me har hatt 5 spelarar på krets, og fleire på sone. Det er me stolte av. All ære til trenarar, foreldre, og ikkje minst spelarane sjølve som legg mykje arbeid i å vere på det nivået dei er.

Sportslege tiltak i eigen klubb

I år har me dessverre ikkje greitt å vidareføre Akademiet som vart starta opp i fjor. Det er noko me må arbeide vidare med neste sesong.

Siste veka før skulen starta i august så arrangerer ein **Tine fotballskule**, i år var det 102 som deltok, dette er større deltakinga enn på mange år.

Saman med kretsen gjennomføre me kurs for instruktørar i forkant av fotballskulen. Me hadde 44% jentedeltakelse på årets fotballskule. I år fekk spelarane i tillegg utdelt eigen fotball og drikkeflaske. Det blei også servert felles lunsj i mediateket. Resultatet av arrangementet var at Syril fotball blei kåra til årets Tine fotballskule i Sogn og Fjordane fotballkrets, og for heile Norge. Det er ei veldig stor anerkjening, og me ynskjer difor å rette ein stor takk til alle som bidrog til gjennomføringa av fotballskulen og til bidrag frå sponsorar.



Etter kampsesongen i haust fortsette fleire av laga å trena både ute og futsal, her var det samtrening mellom dei ulike kulla.

Kurs/møter med eksterne

- Grasrottenarkurs,
- Fotballeiarkurs,
- Nomineringmøte sone
- Sonemøte krets
- Lagleiarmøter krets
- Kretsting
- Jentefotballsamling

Trenarar og lagleiarar

For miniputt var trenarar og lagleiarar på plass til sesongen starta. Når det gjeld aldersbestemt hadde me fleire lag med utfordringar før seriestart. Det var fleire lag på gutesida som mangla naudsynt apparat rundt laget, etter at fristen for påmelding var utløpt. Spesielt var det utfordring med å ha trenarar på plass. Mangel på trenar og lagleiar var medverkande årsak at me måtte trekke påmeldinga av G 16/17 etter fristen. Andre lag som mangla støtteapparat, løyste dette ved at ein fekk til ei rullering av trenarrolla på trening og i kamp. I ein klubb som Syril er ein avhengig av at foreldre og andre stiller opp til frivillig for at vi skal kunne stille lag i aldersbestemte klassar.

Det blei gjennomført oppstartsmøte med alle lag før sesongstart. Ansvarleg for aldersbestemt deltok på dei fleste møta.

Gjennomførte evaluering av vårsesongen før sommaren - konkluderte med at ein måtte trekkje eit lag i G11 grunna fråflytting og fråfall av spelarar, som gjorde til at ein ikkje hadde nok spelarar til to lag.

Trenarar

Det vart gjennomført Grasrottrenarkurs i 2023, med deltakarar frå Syril. Det vart og gjennomført Grasrottrenarkurs med instruktørar til TINE fotballskule i forkant av fotballskule. Det er viktig at nye trenar som kjem inn som trenarar på miniputt tar Grasrottrenarkurset-DEL 1. Me vil oppfordra alle våre trenarar til å gjennomføra Grasrottrenarkurset. Trenarutdanning er eit viktig utviklingstiltak som Syril som klubb vil prioritera framover.

Me gjennomførte og trenarforum med både ein teoretisk og ein praktisk del.

Dugnader

- Dugnad på kunstgrasbana
- Køyring av blomster før jul
- Adventskalender (i lag med Handballgruppa)
- Kioskdrift
- Flytting for Digdir
- Elektronisk dugnad
- Kjeringi open
- Futsalturnering og KM futsal innandørs
- TINE Fotballskule i august
- Kongleriketurnering i august

Drifta av laget er basert på dugnadsinnsats, stor takk til alle som bidreg til fellesskapet på ulike måtar.

Informasjon

- Mykje informasjon vert lagt ut på Syril sine nettsider www.syril.no og Facebook- side. Send e-post til nett@syril.no så vert info lagt ut
- Laga internt nyttar i stor grad Spond

Anlegg

Anlegget til Syril fotball omfattar kunstgrasbana som no er rundt 12 år. Vidare grasbane og eit mindre kunstgrasareal, på den gamle grasbane, samt at kunstgrasbana ved ungdomsskulen har vore i bruk. Kunstgrasbana på stadion er etter kvart prega av alder og mykje bruk. Det har vore gjort reparasjon av skøytyar som har losna, og anna førefallande arbeid av anleggsgruppa.

Levetida på bana nærmar seg utløpt, og Syril vil i løpet av kommande år etablere ei gruppe som begynnar prosessen mot nytt dekke på bana.

Syril fotball manglar og eit klubbhus. Me treng eit klubbhus for å ramme inn kulturen i klubben. Eit klubbhus ville gitt store moglegheitar med omsyn til møter, klubbaktivitet, sosiale tilstelningar for dei ulike laga etc. Her er muligheitane uendelege. Dette er noko me vil sondera nøyare i løpet av 2024.

Kunstgrasbana på ungdomsskulen er kommunen sitt ansvar som ein del av skuleanlegget. Det vart gjennomført djupreinsing av den bana i 2023. For Syril sin del er denne bana i mindre systematisk bruk etter at ombygginga av gamle grasbana vart ferdig.

Utstyr

Ballrommet ved barneskulen fungerer godt. Kwart lag har sitt eige utstyr som ballar, vestar, kjepler, drakter og medisnutstyr innelåst i kvart sitt «bur» inne i ballrommet. Alle lag får utlevert utstyr ved sesongstart og dei set det på plass igjen etter sesongslutt. Gjennom sesongen blir det supplert etter behov.

Alt av utstyr blir kjøpt inn på Røysum Sport1. Røysum Sport1 sponsar Syril fotball med drakter. Røysum Sport1 legg no ned drifta, og me vil jobba med å få på plass ein god avtale med ny aktør.

Hjartestartaren i ballrommet er ettersett og fungerer. Me har fått ny hjartestartar som heng i varmeskåp på kioskveggen ned på kunstgrasbana.

Dommarar

Denne sesongen har følgjande dommarar dømt for Syril:

Kretsdommarar: Jarle Andersen, Jan Arild Rømmen, Sindre Stø Hobber

Dommarar:

Desse vart i tillegg ein del av dommargruppa i samband med miniputtturneringa i august: Emilie Tangen Mo, Nathaniel M.K. Johansen, Ammar Yaser Alammur, Ahmad Mohammad Almansour, , Arin Asperanden Navarsete, Heine Njøs Verlo, Johan Gjerløw, Bjørnar Aaland Eggum, Viljar Nesse Takle, Markus Bukholm Solbakken, Evy Mathilde Fossberg og Amalie Buene Halveg.

Dommargruppa: Jarle Andersen, Mette Stokkenes og Christian Kleiven har vore til stades på ein del kampar for å følgje opp dommarane våre. Der har dei som er ferske og som dømmer for første gong på nytt nivå vorte prioriterte. Om ein ikkje har hatt moglegheit for å følgje opp fysisk, har Christian vore i kontakt med lagleiarane og/eller trenarane til laga som spelar der det har vore ferske dommarar.

Me har framleis ei Spond-gruppe, noko som gjer det lettare å kommunisere med dommarane. Vi lagar framleis arrangement på kvar kamp og dei som ville/kunne dømme, meldte seg der. Dette fungerer bra. I år har vi ikkje arrangert klubbdommar-kurs, men miniputtturneringa gav dei nye

mengdetrening i å dømme kampar. På turneringa vart dommarane følgde opp av Christian, Mette og Elin Flatabø.

Sponsorar

Me er svært glade for avtalar med Eilert & Edvin Holme AS, Leikanger Auto, Toyota Sogn, Sogningen Amfi, Solberg el-service, og Josvanger Elektro. Bidrag frå desse lokale verksemdene sikrar at me kan halda anlegg ved like og kjøpa inn utstyr som gjer at me kan oppretthalde eit godt tilbod til alle unge og vaksne som vil spela fotball i Syril. Me håpar alle sponsorar fortset det gode samarbeidet også i 2023.

Heidersteikn

2 personar vart tildelt blå diplom på kretstinget i 2023

2023: Rune Barsnes og Bjørn Orrestad

Oppsummering av året og vidare framover

Fotballgruppa engasjerer mange born og unge, og det er eit stort apparat med frivillige og foreldre som bidreg. Dette er viktig å ta vare på. Det er mange dyktige trenarar/lagleiarar som stiller opp fleire gonger pr. veke, og gjer ein flott innsats for bygda og fotballaktiviteten.

Vi oppfordrar alle trenarar til å delta på trenarkurs, også dei som ser seg sjølv i rolla som hjelpetrenar. Med kombinasjon av digital undervisning og praksis økt er ikkje dette så tidkrevande som før. Jamført med klubbane elles i Sogn synest det som at Syril har mindre andel trenarar med trenarkurs.

Styret føreslår at ein i 2024 m.a. jobbar vidare med :

- Mål om at alle nye trenarar tek trenarkurs, og ynskje om at alle andre som manglar kurs tek det
- Forankre Fair Play-verdiane hjå alle lag slik at det enkelte lag tek eigarskap for verdiane - gjennomføre organisert aktivitet med alle lag retta mot fair play
- Arbeide med å behalde og rekruttere spelarar - m. a. deltaking i turneringar og arrangere sosiale arrangement på bana.
- Arbeide meir med Kvalitetsklubb, både innad i styret og ut mot andre verv
- Ha fokus på inkludering, både av spelarar og vaksne
- Arbeid med korleis ein kan få fleire til å bidra med frivillig arbeid inn mot klubben
- Skaffe midlar til utviklings- og inkluderingsfondet

Styret ynskjer velkommen forslag til tiltak, oppgåver ein bør ta tak i og elles innspel til korleis fotballgruppa kan bli betre. Møt opp og gje innspel på foreldremøter, evalueringsmøter,

oppstartsmøter og andre fora, eller ta direkte kontakt. Me treng og fleire personar med på laget - både i styre og i andre verv. Syril fotball er og skal vera inkluderande og me har alltid plass til fleire engasjerte ressursar.

*Styret takkar **alle** i SYRIL si fotballgruppe - utøvarar, dei med verv eller som bidreg med dugnad på ulike vis, kakebakarar, kioskvakter, heiagjeng m.v. for ein framifrå og stor innsats i 2023. Vidare ynskjer me å takke næringslivet for aktiv deltaking – sponsorstøtte er uvurderleg. NFF Sogn og Fjordane har vore gode støttespelarar for gjennomføringa av sesongen.*

VEL MØTT TIL NY SESONG!

Leikanger 28.januar 2024

Styret i fotballgruppa

3. Rekneskap 2023

Rekneskap for 2023 var ikkje endeleg klar når årsmeldinga gjekk i trykken. Endeleg rekneskap vert lagt fram på årsmøte. Oppsummert kan ein seie at fotballgruppa har hatt ein fornuftig pengebruk, og styrer mot eit lite overskot i henhold til budsjettet for 2023.

Treningsavgift i 2023:

- Senior herrar kr. 3 300 (endra 2019)
- Senior damer kr. 3 300 (endra 2022)
- Aldersbestemt 11-18 år kr. 1 800 (endra 2020)
- Barnefotball 10 år kr. 800 (endra 2020)
- Miniputtfotball 6-9 år kr. 600 (endra 2020)

Me minner om medlemskap i Syril. Dette mellom anna for at forsikrings-ordninga er knytt opp mot gyldig medlemskap. Er ikkje medlemskapen i orden kan ikkje vedkomande spele kampar då laget har eit direkte ansvar for dekning av skader utanom forsikringsordninga.

INNETEKTER			
	Budsjett 2023	I år	
Kioskinntekter	155,000	160,699	-5,699
Billettinntekter	20,000	4,100	15,900
Andre inntekter	60,000	0	60,000
Sponsorinntekter	20,000	18,000	2,000
Utviklingsmidler	20,000	0	20,000
Syrilkalender	40,000	0	40,000
Tine fotballskule	65,000	93,850	-28,850
Treningsavgifter	300,000	299,090	910
Diverse dugnad	15,000	22,290	-7,290
Renteinntekter		0	0
Akademi - påmelding	15,000	0	15,000
Sum inntekter	710,000	598,029	111,971

UTGIFTER				
		Budsjett 2023	I år	
4010-01	Innkjøp kiosk	50,000	29,328	20,672
4013-01	Innkjøp diverse	5,000	27,089	-22,089
4301-01	Tine fotballskole	25,000	45,183	-20,183
5000-01	Lønn	85,000	45,000	40,000
6300-01	Leige lokale	50,000	44,223	5,777
6340-01	Straum	75,000	50,059	24,941
6500-01	Diverse utstyr	50,000	42,589	7,411
6590-01	Andre driftskostnader	10,000	4,350	5,650
6600-01	Drift og vedlikehold anlegg	55,000	2,997	52,003
6690-01	Turneringar	25,000	17,456	7,544
6790-01	Dommarutgifter	80,000	76,376	3,624
6860-01	Møter og kurs	10,000	5,085	4,915
7021-01	Syrilbuss	48,000	48,000	0
7140-01	Reiseutgifter (lønn)		4,585	-4,585
7400-01	Kontingent og avgifter krins	75,000	114,530	-39,530
7500-01	Forsikring og lisensar	40,000	13,630	26,370
7770-01	Gebyr	7,000	5,132	1,868
7790-01	Andre driftskostnader		6,000	-6,000
8155-01	Rentekostnad leverandørgjeld		0	0
	Inkluderingsfond	20,000	0	20,000
Sum utgifter		710,000	581,612	128,388

‘ Førebels tal.

4. Budsjett 2024

Framlegg til budsjett for 2024 vert lagt fram på årsmøte i Syril fotball.

5. Årsmelding frå laga

Miniputt

I 2023 har miniputt stilt lag i følgande klassar: J/G 6, J/G 7, J/G 8 og J/G 9. I tillegg stilte J9 og G9 med lag i serie.

I alt 98 spelarar har vore i aksjon for miniputt i år, og totalt 28 personar har bidrege som lagleiarar og trenarar for ulike lag.

Dei fleste laga på miniputt starta opp med treningar i april. Treningane til miniputt har i år vore på alle kunstgrasbanene på Leikanger. Grasbana på nye stadion vart også tilgjengeleg ut på våren for dei som ville trena der.

I høve treningar og innhald melder laga at det stort sett går greitt på treningane, og at dei har bra med trenarar. Det er positivt med mange trenarar for å unngå kø på øvingar. Nokre av gruppene er store slik at dei er sikra god kamptrening.

Syrlil har vore i sone med Bjørn, Luster, Sogndal, Norane, Vik og Balestrand som tidlegare. Det vart arrangert 2 turneringar i vår i Sogndal og Luster, og 2 turneringar i haust på Leikanger og i Balestrand. Miniputt-turneringa arrangert på heimebane gjekk veldig bra, med god innsats av lagleiarar, trenarar, foreldre og ikkje minst spelarane. Været kunne sjølvsagt ha vore litt betre.

Miniputtgruppa i år har hatt bestått av følgande personar:

Miniputtleiar: Sturle Rode Rio

Turneringsansvarleg: Anna Hamre

Sportsleg leiar: Frode Berge Alme

Utstyrsansvarleg: Kim Vidar Bakken

Årsmelding G10

Trenarar: Andreas Thue, Roar Midtun, Jomar Leirdal & Arek Lekki

Lagleiar: Tone Lemvik Røysum

Spelarar:

Abodi Almansour, Adrian Falkgjerdet Thue, Aksel Johan Loven, Aksel Lucas Thompson Steinsåker, Daniel Kitiashvili-Melås, Even Thue Wathne, Iver Berge Leirdal, Iver Næss Prøven, Jannik Hagenlund Steig, Johannes Røysum, Oliver Lekki & Webjørn Lunde Midtun. Aslak Ramung Husabø deltok på nokre av treningane våre mot slutten av året.

Sportslege aktivitetar:

Trening

Denne sesongen har vi lagt opp til to treningar i veka: Onsdagstrening (1 t 30 min) som har vore frivillig, torsdagstrening (1 t 30 min) som har vore obligatorisk.

Etter siste seriekamp i haust tok vi ein treningspause på om lag ein månad. Før jul fekk dei som ønskja eit tilbod om innetrening i Saften søndagar (1 t). Dette var eit samarbeid med J2013.

Kamp

Vi har spelt totalt 20 kampar denne sesongen mot Vik, Sogndal 1, Sogndal 2, Lærdal 2, Hafslo, Bjørn, og Kaupanger.

Cup

Vi deltok på Lerum-cup 23.-25. juni. Her spelte vi 5 kampar mot Sogndal, Langevåg gul, Førde, Hafslo og Minde Lightning. Dette var ein kjempekjekk oppleving der gutane møtte lag dei aldri har møtt før, og dei fekk smake på seirar, uavgjort og tap.

Sosiale aktivitetar

Laurdag 24. juni (under Lerum-cup) tok vi med gutane på OBOS-kamp der Sogndal møtte Fredrikstad. Det endte dessverre med tap til Sogndal, men vi hadde det veldig kjekt lell!

Høgderen av sosiale aktivitetar denne sesongen var nok når Sogndal fotball etterlyste ballhentarar og vi sendte ein førespurnad og trakk det heldige loddet! Laurdag 23. september troppa vi opp på Fosshaugane Campus der Sogndal skulle møte Åsane i kamp. Gutane tok ballhentar-ansvaret på strak arm, noko vi trur gav meirsmak og som vi absolutt kan anbefale andre lag å melde interesse for!



Foto: Tone L. Røysum (Ballhentarane førebur seg til kamp med god rettleiing av Morten Læg Reid).



Foto: Jomar Leirdal (G2013 var ballehtarar når A-laget til Sogndal møtte Åsane på Fosshaugane Campus)

Vi hadde ein flott avslutning av sesongen på Villmarka der Siv Ingeborg Melås varta opp med pizza, og gutane fekk testa grenser under Mesternes Mester med øvingar som 90-graderen

Årsmelding J11

Trenarar: Jørgen Eikenes Dahle og Reimund Loven

Lagleiar: Helga Maj Myren

Spelarar: Eline, Ada, Nathalie, Tiril, Ingrid, Kristina, Astrid Olea, Astrid, Lilly og Tuva

Sportslege aktivitetar:

I år har me spelt serie mot Vik, Sogndal og Bjørn. Me har hatt 2 treningar i veka, der den eine var obligatorisk. Den obligatoriske treninga var samtidig som J12, og me har difor har trent litt saman med dei. Ting ein lærer på trening viser att i kamp, og dei har dermed oppnådd gode resultat gjennom sesongen. Nokre av jentene har spelt kampar for J12 når dei har hatt behov for det.

I juni deltok me på Vosscup. Alle hadde med seg føresette og me budde alle saman på Folkehøgskulen. Etter kampar, bading, shopping og andre opplevsar laurdagen var det kjekt å avslutta dagen med Peppes pizza og smågodt. Resultatmessig gjekk det ikkje vår veg, men likevel ei fantastisk opplevelse på dei varmaste dagane i 2023.

I oktober deltok me på Kiwi Bama cup i Sognahallen. Resultatet på cupen gjekk ikkje heilt vår veg, men kjekt å delta! Mellom kampane våre rakk me sjå første omgang av fotballkampen til Sogndal FK damer.

Sosiale aktivitetar:

Blåtur: Tidleg i sesongen reiste me på blåtur. Jentene fekk ei pakkliste og beskjed om å møte opp på Saften. Første stopp var på Fosshaugane og sandvollyballbana. Der var det litt aktivitetar og pizza. Etterpå reiste me ned på Fosshaugane campus og var balljenter på kampen til Sogndal FK damer. Me avslutta turen med is på Mixen.

I sommar deltok me i konkurranse om å vinne Draumedag som Sognekraft-konsernet skulle arrangere saman med Sogndal fotball. Der nådde me ikkje heilt opp, men vann eit opplegg saman med Sogndal damer FK. Her fekk jentene testa kondisjonen og styrken sin i oppvarmingen til Sogndal FK damer. Deretter hadde ein av trenarane til Sogndalsjentene trening med oss på stadion. Kvelden vart avslutta med pizza saman med Sogndalsjentene, og jentene fekk utdelt kvar sin sekk med effektar frå Soggenett.

Etter at sesongen var ferdigspelt hadde me avslutning på Villmarka. Her var det duka for pizza, brus og quiz. Kjekk avslutning med ein herleg gjeng!

På tampen av 2023 reiste nokon av jentene til Bergen saman med J12 frå Syril og Sogndal for å sjå på Brann mot Lyon i Champions League. Fantastisk opplevelse å sjå på kamp og reise saman med Stao no pao bussen.

Årsmelding G12

Trenarar:

Frode Danielsen, Kenneth Lomås, Svein Helge Stensåker, Jon Amundsen og Borgtor Bøyum (halve sesongen)

Lagleiar:

Runa Aaland Eggum og Anders Yri.

Spelarar:

Alexander Danielsen, Christian Haugen, David Johansen, Elias Espe, Espen Oliver Stensåker, Even Tufte Henjum, Helge Aaland Eggum, Håvard Gjerland, Johannes Amundsen, Kevin Andre Mo, Lars Kleiven, Leon Gåserud, Lukas Christensen Birkeli, Oliver Buene Halveg, Per Theodor Bøyum, Sebastian Docando Eggum, Sondre Tveit Eggum, Tarjei Fykse Lomås, Ole Yri, Teodor Wilson Gjerde og Truls Pettersen

Sportslege aktivitetar:

For sesongen 2023 vart kulla 2011 (16 spelarar) og 2012 (6 spelarar) slått saman på grunn av det låge talet på gutar i 2012-årskullet. I vårsesongen vart det påmeldt eit 7-ar og eit 9-ar lag i 9-ar serien. På grunn av både trenar- og spelarkabal vart det frå hausten berre meldt opp eit 9-ar lag i haustserien. Resultatmessig var haustsesongen sterkare enn vårsesongen. Hausten baud på fleire jamne kampar, med både knepne seirar og knepne tap. Spelarantalet var litt for stort for eit lag, så det var rullering på spelarar som stod over enkelte kampar.

Gutane har delteke både på Voss cup i sommar og Kiwi Bama cup i haust, samt delteke på futsal. Det har vore godt treningsoppmøte gjennom heile sesongen. Det er ei treningsvillig og kjekk spelargruppe som har det kjekt i lag både på kampar og på cupar, og dei er ivrige å møtast på bana utanom organisert aktivitet.

Tre spelarar har vore på sonelaget til Sogn.

Spelargruppa har ikkje hatt fast hospiteringstilbod med laget over i eigen klubb, men enkelte spelarar har fått delteke på nokre kampar med smågut 13/14.

Sosiale aktivitetar:

For å få ein god start for den samanslåtte spelargruppa vart det arrangert «Mesternes mester» ved sesongoppstart. Dette var ein kjekk dag med inkluderande og artige konkurransar som vert avslutta med saft og pizzabollar.



Vi stilte to lag ved Voss cup. Det var ei eiga foreldregruppe som jobba med organisering av cupen, ein stor takk til foreldregruppa for ein velorganisert cup. Det vart gjennomført ein del dugnader som gjorde til at deltakaravgifta vart dekkja av desse. Laget var innkvartert på Tvildemoen barnehage. Voss cup var eit sosialt høgdepunkt for gutane.



Etter innsendt søknad vart laget trekt ut til å få ein «Draumedag med Sogndal fotball», arrangert av Sognekraft. Dette var ei heilmaks avslutning på sesongen der laget vart skyssa inn i STAO NO PAO – bussen og kom inn i A-lags garderoben der det hang sogndaldrakter med deira eigne namn. Vidare fekk dei snakka med Tore Andre Flo og dei gjekk opp spelargangen til storslått musikk der A-laget stod og klappa dei inn på stadion. På campus fekk dei ei treningsøkt saman. Dagen vart avslutta med pizza og juice. Dette var etter utsagn frå spelar «betre enn både bursdag og jul til saman». Sjekk gjerne lenka for flott videosamandrag:

<https://www.facebook.com/share/v/TQRPW1Aiu3V1tvWP/?mibextid=KsPBc6>



Oppsummering:

Det er god aktivitet med både sportslege og sosiale aktivitetar rundt laget. Treningskvardagen er god med ei stor og ivrig treningsgruppe som har gode trenarar rundt seg.

Årsmelding G15/17

Trenarar:

Steinar Aaland Eggum, Jan Rune Mardal og Per Sindre Aaland

Lagleiar:

Anne Lise Breidvik og Astrid Asperanden Hauge

Spelarar:

Adrian Nornes, Ahmad Almansour, Aksel Aaland Eggum, Ammar Alammari, Arin Asperanden Navarsete, Bjørnar Aaland Eggum, Brede Villand Alme, Daniel Borlaug, Erlend Valvik Menes, Eivind Fosse Fidjestøl, Endre Njøs Verlo, Jonas Linde, Jonas Berge Jørgensen, Jørgen Humlestøl Njøs, Milian Asperanden Hauge, Nicolay Einarsen, Sondre Ramstad Os, Stian Strong Skårhaug, Trygve Flaten og Zein Alammari

Sportslege aktivitetar:

Gutelaget har stilt eit lag i 2.divisjon i 2023. Det var dei same laga som stilte i både vår- og haustsesongen. Det var sju lag i puljen med dobbel serie, så det vart berre 6 kampar både vår- og haustsesong. To spelarar har vore fast del av seniorlaget både på trening og kamp. Ein spelar har hatt trenings- og kamptilbod ved Sogndal nasjonal G15. To av spelarane våre fekk prøvd seg på trening med Sogndal nasjonal G17 på slutte av sesongen. Laget har gjort det resultatmessig godt i 2023, men det har vore fleire tette kampar blant dei 3-4 øverste laga. I vårsesongen enda vi på 1.plass med eit tap mot Balestrand. I haustsesongen enda vi på 2.plass med eit tap mot Jotun 1.

G 15/17 11ar 2.div avd 1 vår

[Gå til turnering](#)

Plass	Lag	Kamper	Hjemme				Borte				Total					Poeng
			V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	Diff	
1	Syril	6	3	0	0	15 - 3	2	0	1	19 - 7	5	0	1	34 - 10	24	15
2	Jotun 1	6	3	0	0	28 - 2	1	0	2	3 - 13	4	0	2	31 - 15	16	12
3	Balestrand	6	2	0	1	16 - 7	2	0	1	15 - 11	4	0	2	31 - 18	13	12
4	Aurland	6	3	0	0	18 - 3	1	0	2	8 - 13	4	0	2	26 - 16	10	12
5	Bjørn 1	6	1	0	2	7 - 8	2	0	1	13 - 5	3	0	3	20 - 13	7	9
6	Jotun 2	6	1	0	2	10 - 14	0	0	3	2 - 16	1	0	5	12 - 30	-18	3
7	Sogndal 2	6	0	0	3	3 - 27	0	0	3	4 - 32	0	0	6	7 - 59	-52	0

G 15/17 11ar 2.div avd 1 haust

[Gå til turnering](#)

Plass	Lag	Kamper	Hjemme				Borte				Total					Poeng
			V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	Diff	
1	Jotun 1	6	3	0	0	23 - 2	3	0	0	14 - 3	6	0	0	37 - 5	32	18
2	Syril	6	3	0	0	18 - 2	2	0	1	9 - 11	5	0	1	27 - 13	14	15
3	Balestrand	6	3	0	0	22 - 1	1	0	2	4 - 15	4	0	2	26 - 16	10	12
4	Bjørn 1	6	3	0	0	10 - 3	0	0	3	1 - 22	3	0	3	11 - 25	-14	9
5	Aurland	6	0	0	3	4 - 8	2	0	1	10 - 4	2	0	4	14 - 12	2	6
6	Sogndal 2	6	1	0	2	11 - 17	0	0	3	2 - 11	1	0	5	13 - 28	-15	3
7	Jotun 2	6	0	0	3	2 - 11	0	0	3	4 - 24	0	0	6	6 - 35	-29	0

Etter haustsesongen deltok laget på Førdecup som er ein innandørs fotballcup. Vi stilte eit lag i klasse G15/16 og eit i klasse G19. G15/16 gjorde det resultatmessig sterkast og tok seg til 8.dels finalen der dei vart slått ut av Vik.

To spelarar frå G13/14 har hatt tilbod om hospitering på trening.

Det har vore godt oppmøte på treningane heile sesongen.

Sosiale aktivitetar:

Laget hadde sommaravslutning med pølser og bading ved fjorden og avslutta sesongen med Førdecup. Laget har fått disponert Syril-bussen til både bortekampar og Førdecup, dette er ei gode som er viktig for samhald og det sosiale.

Oppsummering:

Gutelaget har vore ei stor og treningsvillig gruppe. Det har vore noko få kampar i løpet av sesongen men gutane har imponert med tidvis svært godt spel og gjort det resultatmessig sterkt i 2023. Utfordringa ein ser framover er å klare ein god overgang mellom gutefotballen og seniornivå.

Årsmelding J13/14

Årsmelding fotball jenter J13/14

Trenarar: Rune Barsnes, Dag Andre Mo, Linda Fossberg

Lagleiar: Torill Felde

Spelarar:

f. 2008	f. 2009	f. 2010
Anniken Sofie Nornes	Anna Felde Hasund	Emilie Fossberg
Emilie Tangen Mo	Evy Fossberg	
Madeleine Holgersen (med på Norway cup)	Lilly Fossberg	
	Malin Hagheim Barsnes	
	Tuva Helset Mathisen	
	Kaja Emeli Ohma	
	Amalie Holgersen	
	Ester Nilsson	
	Vilde Tufte Mardal (med på futsal og Norway cup)	
	Amalie Buene Halveg (med på futsal, nokre seriekampar og Norway cup)	

Vi har hatt med oss fire jenter frå Balestrand denne sesongen: Madeleine Holgersen, Amalie Holgersen, Kaja Emeli Ohma og Ester Nilsson. Desse jentene gjorde at vi vart mange nok spelarar til å delta med 9'ar-lag i årets serie. Laget vart kalla Syril/Balestrand, og vi spelte med gule drakter. Ein av heimekampane våre i vårsesongen vart spelt på Kreklingen stadion i Balestrand, resten av heimekampane vart spelte på kunstgrasbana her i bygda.

Sportslege aktivitetar:

Treningar:

- To treningar kvar veke (1,5 t kvar onsdag og søndag)
- Ei av 2008-jentene har trena og spelt kampar med damelaget
- Nokre J2009 har delteke på G13/14-kampar når dei har hatt behov for fleire spelarar
- På vinterstid har mange av jentene delteke på futsal (trening 1-2 gongar i veka)

Kampar:

- Seriekampar 9'ar på tysdagar
- Det vart spelt 16 seriekampar totalt, 6 i vårsesongen og 10 i haustsesongen
- Vi kom på 2. plass i vårsesongen, og 1.plass i haustsesongen
- Det vart i tillegg spelt ein treningskamp mot Høyanger før sesongstart i vår

KM Futsal:

- Vi deltok på KM futsal i februar/mars med kamper her på Leikanger (kvalifisering) og på Sandane (sluttspel), også her med gode resultat. J14 fekk 1.plass, og J15 fekk 2.plass 🏆!



Laget som vann KM futsal J14: Sara, Anna, Amalie, Emilie, Vilde, Malin, Lilly og Evy. Rune og Linda var trenarar.

Deltaking på Norway cup i august:

- Jentene spelte 7'ar i J13/J14-klassa, og kom på 1. plass 🏆!
- Dette var andre gong vi deltok på Norway cup, og det var veldig bra både resultatmessig og sosialt. Vi overnatta på Haraldsheimen i lag med Syril sitt G14-lag.
- Vi var nok til tider litt prega av at vi kom på 2. plass i fjor og hadde store forventningar til å kome langt i turneringa, men vi tok kamp for kamp. I finalen spelte vi mot eit lag frå Brasil, Sosiedade Hípica Campinas, og vi vann 1-0 etter ekstraomgongar.
- Vi hadde med oss 3 av jentene frå Balestrand, og dei var svært fornøygde med å vere med oss på Norway cup.



Vinnarlaget på Norway cup: Amalie B, Anna, Evy, Tuva, Emilie F, Vilde, Amalie H, Lilly, Malin, Emilie M, Kaja og Madeleine. Trenerar var Rune, Dag Andre og Linda.

Sone- og kretsaktivitet (Eninvest):

- 2009-kullet: Lilly Fossberg, Evy Fossberg, Malin Hagheim Barsnes var med i sonelagstroppen denne sesongen.

Sosiale aktivitetar:

Som avslutning på futsalsesongen reiste vi til Førde der vi bowla og var på Peppes pizza.

Vi hadde og ei kjekk sesongavslutning der vi oppsummerte årets sesong og testa kunnskapane våre med kahoot m.m. Deretter var det hamburger og brus på Sognefjord hotel.

Oppsummering:

Det har vore nok ein flott sesong for jentene, med god innsats, godt humør og fotballglede! Det viser igjen i gode resultat i både seriespel og når vi deltek på turnering/cup. Alle spelarane har fått rikeleg med speletid på kamp i løpet av sesongen, og det heldigvis vore få/lite skader.

Den største utfordringa denne sesongen har vore treningskvardagen med (for) lita spelargruppe og dermed lite/ ingen mogelegheit for å spele 9'ar på treningane. Jentene frå Balestrand har i hovudsak vore med på kampane.

Det er ei god breidde i troppen. Vi har mange målscorarar i løpet av sesongen, det er fleire som kan vere keeper og dei fleste spelarane kan spele i fleire posisjonar.

Vi har hatt Syrilbussen på dei fleste bortekampane, og det er veldig sosialt og ekstra kjekt å reise på kamp når vi har Syrilbussen 😊. Takk til Rune som har stilt som sjåfør!

Årsmelding senior herre 5.div

Trenar:

Kristian Knutsen Berg

Lagleiar:

Liza Skogsrud

Sportslige aktivitetar:

Herrelaget enda til slutt på 7. plass i 5. divisjon etter ein god haustsesong. Det var ein varierende sesong, der vårsesongen var prega av dårlige treningsforhold på vårsesongen.

På hausten bretta spelarane opp armene og leverte mange gode kampar. Det har vore fokus på sosiale tilsteningar, og årets fotballfest på Sognefjord Hotel var eit høgdepunkt.

Alexander Slinde vart toppscorar og årets spelar.

Tabell for sesongen

	Lag	S	P
1	Dale	16	35
2	Hafslo/Bjørn/Fanaråk 1	16	34
3	Kaupanger	16	31
4	Årdal 2	16	27
5	Førde 3	16	27
6	Florø 2	16	22
7	Syril	16	19
8	Eikefjord	16	13
9	Sogndal 3/Fjøra 2	16	0
0 *	Selje	0	0

Dugnader:

Den årlege blomsterdugnaden vart gjennomført i lag med damelaget. Nokre spelarar var instruktørar på Tine fotballskule.

Sosiale aktivitetar:

Herre og- damelaget har hatt fleire aktivitetar i lag i løpet av sesongen. Tradisjonen tru var det felles avslutning med julemat i desember, denne gongen på Knausen.

Årsmelding senior dame

Trenar: Steinar Henjum

Lagleiar: Siri Beate England

Syril starta med 11år lag på vårsesongen og leverte gode kampar kvar gang, på tross av ein liten spelarstall. På hausten vart det for vanskeleg å gjennomføre 11ar så ein måtte melde på laget i 7ar serien i haustsesongen.

På hausten leverte ein mange knallgode kampar. Mellom anna 5-1 siger i Vik, 5-1 siger heime mot Jølster og ikkje minst slo ein Kaupanger/Sogndal 3-2 i årets siste og mest dramatiske lokaloppgjær.

Tabell for sesongen:

	Lag	S	P
1	Kaupanger/Sogndal	6	15
2	Syril	6	11
3	Vik	6	5
4	Jølster	6	2

Sesongen vart feira med fotballfest på Sognefjord Hotel. Årets spelar vart Live Holen, og Eline Henjum fekk velfortjent honnør for å ha delteke på flest treningar.